



Fakultet for medisin og helsevitenskap
Institutt for samfunnsmedisin og sykepleie

Bacheloroppgåve

Fagartikkel

Sjukepleieorganisering og pasientsikkerheit

Models of care and patient safety

Innleveringsdato: 24.mai 2018

Emnekode: HSYK3003

Kandidatnummer: 10206

Antall ord: 4397

Samandrag

Innleiing Sjukepleieorganiseringa på ei avdeling vil påverke pasientsikkerheita. Det at sjukepleiarar kjenner pasientane sine er viktig for pasientsikkerheit og for individualisert omsorg. Hensikten med artikkelen er å undersøke kva for ei sjukepleieorganisering som gir best pasientsikkerheit av gruppesjukepleie og pasientnær sjukepleie, med særleg vekt på kor godt sjukepleiarar vert kjent med pasientane sine.

Metode: Spørjeundersøking om sjukepleiarane sitt perspektiv på pasientsikkerheit og arbeidsmiljø. Tre avdelingar deltok, totalt 51 respondentar. Resultata frå undersøkinga er sett på i samanheng med eit litteraturstudium av forskning på sjukepleieorganisering og det å kjenne pasienten.

Resultat: Samanlagt opplever sjukepleiarane at dei vert betre kjend med pasienten ved pasientnær sjukepleie, samt at dei er meir nøgd med den forma for sjukepleieorganisering. Få av dei som har gruppesjukepleie på avdelinga har erfaring frå pasientnær sjukepleie. Dei med gruppesjukepleie på avdelinga opplev å verte like godt kjend med pasientane sine ved gruppesjukepleie, som dei med pasientnær sjukepleie på avdelinga gjer ved pasientnær sjukepleie. Det same gjelder kor nøgd dei er med si sjukepleieorganisering. Dei med pasientnær sjukepleie på avdelinga opplever derimot å verte mindre kjend med pasientane sine ved gruppesjukepleie og er mindre nøgd med den forma for sjukepleieorganisering.

Konklusjon: Verken forskning eller undersøkinga gir eit tydeleg svar på kva for ei sjukepleieorganisering som er best for pasientsikkerheit. Det kan derimot sjå ut som om byte av sjukepleieorganisering har positiv effekt på pasientsikkerheit. Det er viktig å vurdere kvaliteten på eigen form for sjukepleieorganisering.

Nøkkelord: å kjenne pasienten, pasientsikkerheit, sjukepleieorganisering, organiseringsform, pasientnær sjukepleie, gruppesjukepleie

Abstract

Introduction: The Model of Care on a hospital ward can affect patient safety. Knowing the patient is important for patient safety and individual care. The aim with this article is to examine whether Team Nursing Care Delivery Model or Total Patient Care Delivery Model provides the best patient safety, with particular emphasis on knowing the patient.

Method: A survey about nurses perspective on patient safety and work environment. Three participating wards, a total of 51 respondents. The results for the survey is viewed in the context of a literature review of researches about Models of Care and knowing the patient.

Results: The experience of the total group of nurses, is that Total Patient Care is better for knowing the patient, and they are most pleased with that Model of Care. Few nurses from the ward with Team Nursing Care have experience from Total Patient Care. The experience of knowing the patient under Team Nursing Care, for the nurses with Team Nursing Care at the ward, is about the same experience as the nurses from wards with Total Patient Care experience with Total Patient Care. That transmit to how pleased they are with the Model of Care. On the other hand, the nurses from wards with Total Patient Care that have experience from Team Nursing Care, do experience that knowing the patient is harder with Team Nursing Care. They're also less pleased with that Model of Care.

Conclusion: Neither research or the survey gives a clear answer to which Model of Care that provides the best patient safety. On the other hand it may look like a change in Model of Care can provide a positive effect on patient safety. It is important to consider the quality of the Model of Care on a ward.

Keywords: knowing the patient, Patient Safety, model of care, Nursing Care Delivery Systems, Total Patient Care Nursing, Team Nursing,

Innleiing

God sjukepleie handlar om meir enn det gode stellet, forsvarleg medikament handtering og det kliniske blikket. Som fersk sjukepleiestudent er det kanskje dette ein ser fram til å lære, men som nyutdanna vil ein oppleve at yrkeslivet inneber meir enn det. Det er nemleg avgjerande for kvalitet i helsevesenet at ein i tillegg til det kliniske, har kunnskap og innsikt i det organisatoriske (1). Avdelinga ein seinare skal jobbe ved, er forma av organisatoriske forhold. Organisasjonsform påverkar pasientsikkerheit og kvaliteten på omsorg gjennom rammer, koordinering og arbeidsfordeling (1). Ulike avdelingar har ulike måtar å organisere sjukepleiargruppa på i løpet av ei vakt og sjukepleieorganiseringa vil påverke kvaliteten på sjukepleie. Ei studie frå ein ortopedisk kirurgisk avdeling (2) viste at dei fleste komplikasjonane som oppstod etter eit inngrep, skjedde utanfor og uavhengig av sjølve inngrepet og anestesian. Dei fleste av komplikasjonane kunne ha vorte avverja på avdelinga der pasienten var pre- og postoperativt. Organisering og system spelte ei rolle i det. Arbeidsmiljø, kvalitet på sjukepleieleiing og samarbeid med andre arbeidsgrupper har ein samanheng med korleis opphaldet på sjukehuset vert for pasienten og pasientsikkerheita vert påverka (3). For å få færre komplikasjonar, må organiseringa der pasienten er pre- og postoperativt, verte forbetra (2). Sjukepleie omhandlar altså ikkje berre det kliniske som ein sjukepleiar gjer i møte med pasientane, men òg korleis sjukepleiargruppa er organisert.

På ei kirurgisk avdeling ved St. Olavs Hospital endra dei sjukepleieorganisering for litt over eit år sidan. For å sjå om endringa var til forbetring, vart bachelorstudentar ved sjukepleiestudiet førespurt om dei kunne undersøke kva for ei sjukepleieorganisering sjukepleiarane føretrakk: gruppesjukepleie eller pasientnær sjukepleie. Det gav grunnlag for ei spørjeundersøking om erfaringane og tankane sjukepleiarar har med gruppesjukepleie og pasientnær sjukepleie (vedlegg 1).

Definering av formar for sjukepleieorganisering

Sjukepleieorganisering kan variere frå avdeling til avdeling (4). Dermed er det ikkje enkelt å finne ein generell definisjon på kva gruppesjukepleie og pasientnær sjukepleie er. I eit review om ulike sjukepleieorganiseringar er gruppesjukepleie (Team Nursing Care Delivery Model) beskrive på følgjande måte: «The model uses a group of healthcare workers with diversity in education, skills/abilities, and licensure [...] The focus is to work collaboratively and cooperatively with shared responsibility, and to some extent accountability, for assessment, planning, delivery, and evaluation of patient care.» (5) Pasientnær sjukepleie (Total Patient

Care Delivery Model) er beskrevet slik: «In this delivery system, one nurse assumes responsibility for the complete care of a group of patients on a 1:1 basis, providing total patient care during her or his shift.» (5)

Sjukepleieorganisering og betydninga for pasientsikkerheit

Sjukepleieorganiseringa på ei avdeling, mangelfull så vel som velfungerande, er ein essensiell del av kvalitet på omsorg og tenester. Det å finne ei sjukepleieorganisering som passar inn i samtida, er ei vedvarande utfordring (6). Fleire studiar gir støtte for at primærsjukepleie er den beste forma for sjukepleieorganisering i det 21. århundre (6,7). Denne artikkelen skal derimot sjå på kva som er til fordel for pasientsikkerheit av gruppesjukepleie og pasientnær sjukepleie.

Når det kjem til forskning på sjukepleieorganisering, er det avgrensa mengder og det meste er frå USA og Australia. Samstundes omhandlar forskinga hovudsakleg kostnadseffektivitet og jobbtilfredsheit, mindre om pasientsikkerheit (4). Korleis arbeidsmiljøet til sjukepleiarane er, har truleg ein samanheng med pasientsikkerheit (3) og ei studie viste at jobbtilfredsheit auka på avdelingar der dei gjekk frå pasientnær sjukepleie til gruppesjukepleie (8), mens i ei anna studie var jobbtilfredsheit den same før og etter endring frå gruppesjukepleie til pasientnær sjukepleie (9).

Gruppesjukepleie og pasientnær sjukepleie har manglar og fordelar og begge kan verte forbunde med god kvalitet. Pasientnær sjukepleie vert forbunde med høgare kvalitet direkte samanlikna med gruppesjukepleie, men gruppesjukepleie vart i fleire studiar sett på som ei sjukepleieorganisering som gir lik kvalitet som primærsjukepleie. Det er den forma for organisering som generelt verdsettast å ha best kvalitet, betre enn pasientnær sjukepleie (5).

Spesialiserte avdelingar er ulike og helsevesen i ulike land er forskjellige frå kvarandre. Det gjer at den sjukepleieorganiseringa som fungerer godt ein stad, ikkje nødvendigvis er best for alle avdelingar (7). Sjukepleieorganiseringa må kunne formast og tilpassast ei avdeling for å kunne fungere godt i eit moderne sjukehus (7). Det å la sjukepleiarar ved avdelinga få vere med i utviklinga av sjukepleieorganiseringa bidrar til empowerment (10) og det å få påverke korleis avdelinga best mogleg kan organiserast, har vist å gi positive resultat med tanke på pasientsikkerheit (11).

Funna i ei omfattande studie på 11 sjukehus i Canada tyder på at det er ei samanheng mellom sjukepleieorganisering og pasientsikkerheit, som at sjukepleieorganisering der det hovudsakleg er sjukepleiarar i pleiearbeid, er betre for pasientsikkerheita enn ved ei meir

varierte arbeidsgruppe (12). Det er gjort fleire studiar i forbindelse med byte av sjukepleieorganisering på dialyseavdelingar som viser at pasientsikkerheita vert påverka. Jensen, Ocampo og Josep (13) fann at sjukepleiarane raskare oppdaga feil etter byte til ei form for sjukepleieorganisering som liknar mest på pasientnær sjukepleie. Zimbudzi (14) fann at kliniske feil vart redusert med 50% ved byte til gruppesjukepleie. Harwood et al. (10) fann at byte av sjukepleieorganisering, til ei som liknar mest på pasientnær sjukepleie, hadde positiv verknad på pasientutfall.

Harwood et al. (10) fann òg at den nye måten å organisere, gav sjukepleiarane betre moglegheit til å verte godt kjend med pasientane sine. Gullick, Sheperd og Ronald (15) fann det som eit av kjenneteikna på pasientnær sjukepleie i si studie av 20 avdelingar i Australia. Der meinte 78 % av sjukepleiarane at pasientnær sjukepleie er den beste forma for sjukepleieorganisering og omtrent alle meinte at den gir best moglegheit for kontinuitet i omsorg. Det å vere gruppeleiar ved gruppesjukepleie kan derimot føre til ansvar og arbeidsoppgåver som gjer at ein får lite tid til pasienten (15). Pasientnær sjukepleie har òg vist å gi samspel med pasientane eit sterkare fokus enn ved gruppesjukepleie (9).

Kvaliteten på gruppesjukepleie avhenger av kunnskap og erfaringa åt gruppeleiarane (7). Gullick et al. (15) fann at gruppesjukepleie gir moglegheit til å utnytte seg betre av sjukepleiegruppa si totale kunnskap og erfaring. Av respondentane meinte 59 % at gruppesjukepleie lettar ei fysisk bær (15).

Pasientnær sjukepleie kan auke effektiviteten på ei avdeling (9), men når sjukepleiargruppa ved gruppesjukepleie jobbar effektivt og har eit godt samarbeid, vert pasientsikkerheita betra ved gruppesjukepleie (16). Effektiviteten til gruppa vil påverkast av bemanning og dermed svekkjast ved underbemanning (5). Sjukepleieteoretikar Virginia Henderson (17) var kritisk til endring av sjukepleieorganisering for å auke effektivitet, då det kan endre fokus frå pasienten til oppgåver og sjukdom. Ho meinte at om sjukepleieorganiseringa legg til rette for ein-til-ein relasjonar mellom sjukepleiar og pasient, vil omsorg i større grad vere basert på det menneskelege aspektet og ikkje det mekaniske og tekniske. Ho trakk fram at avgjerder rundt pasientomsorg bør vere basert på at ein kjenner pasienten og ikkje tas av nokon på eit kontor, åtskilt frå pasienten (17).

Å kjenne pasienten

Nokre av spørsmåla i spørjeskjemaet under kategorien pasientsikkerheit omhandla det å kjenne pasienten. Å verte kjend med pasientane sine, er ein del av sjukepleie som i fleire

studiar og review omtalast som «knowing the patient». I «An Integrative Review of Knowing the Patient» av Zolnierek (18), vert begrepet å kjenne pasienten karakterisert ut frå det moderne sjukepleielitteratur frå 1996 til 2013 seier om temaet. Å kjenne pasienten er ikkje hovudtemaet i 16 av dei 21 studiane, men det dukka systematisk opp som ein kritisk bestanddel av sjukepleiepraksis. Det viser seg å vere tydingsfult på tvers av områder for praksis, kulturar (amerikansk, europeisk, asiatiske) og pasientbehov. Funna i studiane viser at det å kjenne pasienten er essensielt i sjukepleie og ein sentral del av omsorg (18).

Eit review frå 2017 ser på kva for måtar sjukepleiarar oppdagar og regarar på forverringar hos pasientane sine. Det å kjenne pasienten er eit av fire tema som sjukepleiarane meinte er nøklar til å oppdage pasientforverring. Det gir moglegheit til å oppdage sjølv små endringar i pasientbildet og tidleg kunne reagere med intervensjonar. Å ikkje kjenne pasienten skapar derimot ei barriere (19). Å kjenne pasienten er òg eit at hovedfunna i eit review frå 2016 som ser på korleis sjukepleiarar er ein del av det å rette opp i medisinske feil. Det vert bekrefta at sjukepleiarar spiller ei uvurderleg rolle for pasientsikkerheit, til tross for at denne rolla kan vere lite synleg. Det å kjenne pasienten, miljøet og pleieplanen er essensielt (20).

For å verte kjend med ein pasient må sjukepleiaren tileigne seg kunnskap og informasjon om pasienten gjennom verbal interaksjon med pasienten og familien hans (21), ved å vere fysisk til stades, observere, sanse og tenke (18), gjennom det som er dokumentert om pasienten (21), ved bruk av kunnskap, si ekspertise og emne til å omsetje informasjon til noko av betydning (18). For å kunne kjenne heile pasienten, trengs både klinisk og personleg informasjon. Klinisk informasjon omhandlar karakteristikkar som alder, vekt, allergiar, diagnosar og sjukehistorie, samt psykiske og fysiske undersøkingar, det som er gjort og planen vidare. Klinisk informasjonen er å kjenne til den noverande kliniske tilstanden, samt trendar og mønster i tilstanden åt pasienten. Å kjenne pasienten klinisk, gir sjukepleiaren moglegheit til å oppdage behov for endring i behandlingsplan. Personleg informasjon gir sjukepleiaren moglegheit til å kjenne pasienten utover sjukdomsbilete (21). Det inneber å forstå og kjenne til pasienten sine personlege reaksjonar (18), samt oppførsel, tidsplanar og preferansar både heime og under opphaldet på sjukehuset. Ved å kjenne til korleis pasienten er og kva pasienten er i stand til å utføre, får sjukepleiaren eit betre utgangspunkt for å vurdere omsorgsbehovet (21). Saman, vil klinisk og personleg informasjon gi moglegheit for individualisert og personleg omsorg basert på individuelle behov og ønska til den enkelte pasienten (18,21). Å kjenne pasienten har tyding for korleis sjukepleiarar gir omsorg til sine pasientar. Det er med på å sikre kvalitet, førebyggje uønska hendingar og er viktig for

pasientsikkerheita. Sjukepleiaren får betre dømekraft og forståing ved val av handlingar og intervensjonar (18).

På denne bakgrunn vil følgjande problemstilling undersøkast: «Kva form for sjukepleieorganisering er mest hensiktsmessig med tanke på pasientsikkerheit?» I denne artikkelen er det å kjenne pasienten vektlagt med tanke på pasientsikkerheit.

Metode

Denne artikkelen er basert på ei spørjeundersøking og ei litteraturstudie.

Spørjeundersøking

Resultata i denne artikkelen omhandlar delar av ei kvantitativ spørjeundersøking som fire bachelorstudentar ved Institutt for samfunnsmedisin og sykepleie ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU), utforma i forbindelse med eit samarbeid med Fremtidens Operasjonsrom (FOR) og ei avdeling på St. Olav Hospital. Hensikta med undersøkinga var å undersøke sjukepleiarar på kirurgiske avdelingar si oppleving av gruppesjukepleie og pasientnær sjukepleie.

Undersøkinga vart utført ved hjelp av eit strukturert spørjeskjema med klare svaralternativ og sjølvrapportering (vedlegg 1). Det gir informasjon om respondentane sine haldningar og den kvantitative metoden gir data i form av målbare einingar (22). Spørjekjemaet starta med informasjon om undersøkinga og anonymisering, beskriving av gruppesjukepleie og pasientnær sjukepleie og bakgrunnsspørsmål for å samle inn bakgrunnsvariablar (sjå tabell 1). Spørsmåla er formulert for å få fram opplevingar og tankar rundt pasientsikkerheit og sjukepleiarane si trivsel, med graderte svarmoglegheiter utan eit nøytralt midtpunkt. Dette for å tvinge respondentane over på positiv eller negativ side. Kvart spørsmål har tre koloner: Pasientnær sjukepleie; Gruppesjukepleie, som gruppeleiar; Gruppesjukepleie, som gruppelem. Sjukepleiarane svara i kolona for sjukepleieorganiseringa på si avdeling, samt at dei som hadde erfaring frå den andre forma, kunne svare i alle kolonene. Gruppesjukepleie har to underkategoriar som opnar for ulik oppleving av same spørsmålet avhengig av om ein er gruppeleiar eller ikkje. Spørjeskjemaet og ein prosjektprotokoll (vedlegg 2) er vurdert og godkjend av fagrådet i FOR. Datasamling er godkjend av Norsk senter for forskningsdata (NSD), 58522.

Tre avdelingar var med i undersøkinga i mars 2018. To av dei har pasientnær sjukepleie der den eine byta sjukepleieorganisering frå gruppesjukepleie til pasientnær sjukepleie omtrent eit år før undersøkinga. For å få med opplevingar frå sjukepleiarar som har gruppesjukepleie på noverande tidspunkt, vart ei tredje avdeling med gruppesjukepleie førespurt om deltaking. Sjukepleiarane vart munnleg informert om hensikt med og innhald i undersøkinga, samt anonymitet. Spørjeskjemaet vart lagt tilgjengeleg på rapport-/pauserom og sjukepleiarane vart oppfordra til å delta. Totalt er det 82 sjukepleiarar på avdelingane. Etter at spørjeskjemaet hadde vore på avdelingane i to veker var svarprosenten 42,7 %. For å få opp svarprosenten

fekk kvar avdeling påskeegg og kort med takk for deltakelsen, samt påminning om å svare på spørjeskjemaet. Etter den siste veka vart svarprosenten 62,2 %, totalt 51 respondentar (n).

Analyse av materialet

Svara er analysert ved hjelp av Microsoft Excel. Aktuelle spørsmål er framstilt i tabellar og sektordiagram for å sjå etter eventuelle skilnader mellom formane for sjukepleieorganisering. Omtrent like mange har svara i dei tre ulike kategoriane (sjå «n» figur 1-3). Det er òg framstilt egne tabellar og sektordiagram med svara frå berre dei som har gruppesjukepleie på avdelinga og berre dei som har pasientnær sjukepleie på avdelinga. Det er mogleg å samanlikne kva dei svara under kategorien gruppesjukepleie i spørjeskjemaet, då omtrent like mange frå begge organiseringsformane har svara (sjå «n» figur 1-3). Dette for å sjå om svara er påverka av kva for ei sjukepleieorganisering avdelinga ein jobbar på har.

Litteraturstudie

For å finne litteratur og forskning om sjukepleieorganisering og det å kjenne pasienten, vart det gjennomført systematiske litteratursøk i databasane Cinahl, Medline og SveMed (vedlegg 3). Inkluderte litteratur er presentert i innleiinga.

Metodekritikk

Det er uvisst om dei tre avdelingane kan representere ei generell avdeling og kor samanliknbare dei er, då gjennomsnittleg liggedøgn og fagfelt er ulikt, samt at tal på respondentar er lite. Ein forfattar si førforsåting kan påverke ei undersøking (22), derfor har eg vore bevisst mi førforståing i utforming av spørjeskjema og tolking av data. Det er avgrensa mengder forskning på sjukepleieorganisering i forbindelse med pasientsikkerheit og det er ikkje funne forskning frå Noreg på det temaet. Forskinga si relevans er dermed usikker, då skilnader mellom helsevesen i ulike land kan gjere at det som fungerer ein stad ikkje nødvendigvis fungerer godt ein anna stad (7). Det er ikkje funne forskning frå Noreg om det å kjenne pasienten, men resultat frå forskning viser seg å vere relativt likt på tvers av kulturar (18).


Resultat

Bakgrunnsinformasjonen i undersøkinga viser at dei fleste av respondentane jobbar i 80-100 % stilling og at alder er sprett. Når det kjem til arbeidserfaring har om lag halvparten jobba i over 10 år og berre ein åttandedel har under eitt år med erfaring.

Tabell 1. Bakgrunnsinformasjon


		n=51	
Sjukepleieorganisering	Gruppesjukepleie	19	37 %
	Pasientnær sjukepleie	32	63 %
Erfaring frå anna sjukepleieorganisering (fleire svar mogleg)	Ja, frå same avdeling	17	33 %
	Ja, frå ei anna avdeling	16	31 %
	Nei	19	37 %
Stillingsprosent (6 stk svarte ikkje)	30-59 %	6	12 %
	60-79%	7	14 %
	80-100 %	32	63 %
Alder	Under 25 år	13	25 %
	26-30 år	14	27 %
	31-45 år	8	16 %
	46-60 år	12	24 %
	Over 60 år	4	8 %
Arbeidserfaring som sjukepleiar	Under 1 år	6	12 %
	1-3 år	14	27 %
	4-6 år	6	12 %
	7-10 år	2	4 %
	Over 10 år	23	45 %

Figur 1. Kor godt opplever du å verte kjend med dine pasientar si sjukehistorie (medisinsk, diagnose, operasjonsforløp)?




Det er 82 % av sjukepleiarane i undersøkinga som svara at dei i stor grad vert kjend med pasientane si sjukehistorie ved pasientnær sjukepleie, mens berre 41-56 % svara i stor grad ved gruppesjukepleie. Av dei som har pasientnær sjukepleie på avdelinga svara 74 % i stor grad ved pasientnær sjukepleie og berre 6-24 % ved gruppesjukepleie. Av dei som har gruppesjukepleie på avdelinga svara 74-84 % i stor grad ved gruppesjukepleie (figur 1).

Figur 2. Kor godt opplever du å verte kjend med pasienten personleg?



Av alle sjukepleiarane svara 53 % at dei i stor grad vert kjend med pasientane personleg ved pasientnær sjukepleie. Ved gruppesjukepleie svara berre 11 % i stor grad som gruppeleiar, mens 46 % svara i stor grad som gruppemedlem. Av dei som har pasientnær sjukepleie svara 47 % i stor grad ved pasientnær sjukepleie, i motsetning til ingen som gruppeleiar og 17 % som gruppemedlem ved gruppesjukepleie. Av dei som har gruppesjukepleie svara berre 21 % i stor grad som gruppeleiar, men heile 71 % som gruppemedlem (figur 2).

Figur 3. Er du nøgd med organiseringa av sjukepleie på di avdeling?



Det er 66 % av alle sjukepleiarane som i stor grad er nøgd med pasientnær sjukepleie som organisering, i motsetning til 42-48 % med gruppesjukepleie. Av dei som har pasientnær sjukepleie på avdelinga er 69 % i stor grad nøgd med pasientnær sjukepleie, mens med gruppesjukepleie er berre 0-13 % i stor grad nøgd. Av dei som har gruppesjukepleie er heile 78-82 % i stor grad nøgd med gruppesjukepleie (figur 3).

Diskusjon

For å belyse problemstillinga «Kva form for sjukepleieorganisering er mest hensiktsmessig med tanke på pasientsikkerheit?», vil artikkelen vidare fokusere på litteraturen som er presentert i innleiing og trekke inn relevante resultat frå undersøkinga.

Pasientsikkerheit

Jobbtilfredsheit påverkar truleg pasientsikkerheita (3) og det er ein faktor som talar for eller mot ei form for sjukepleieorganisering. Forsking viser ikkje eit konsistent mønster på kva som gir best jobbtilfredsheit (8,9). Pasientsikkerheit i seg sjølv, er òg ein faktor som vil verte påverka av kva for ei sjukepleieorganisering ein har på avdelinga (2,3) og det bør vere blant dei viktigaste faktorane ved val av sjukepleieorganisering.

Det er mykje forskning på det å kjenne pasienten som viser at det er med på å auke pasientsikkerheita. Det er gjennom raskare oppdaging av og intervensjon ved forverring, moglegheit til å rette opp i medisinske feil og førebygging av uønska hendingar (18–20). Å kjenne pasienten er essensielt i sjukepleie og ein sentral del av omsorg og fører til meir individualisert omsorg (18,21). Ut frå det, vil ei sjukepleieorganisering som gjer at sjukepleiarane vert betre kjend med pasientane sine vere føretrukken framfor ein annan.

Pasientnær sjukepleie aukar fokuset på samspel med pasientane og gir moglegheit til å verte godt kjend med pasientane sine (9,15). Den sjukepleieorganiseringa vil truleg gje betre moglegheit for kontinuitet enn ved gruppesjukepleie (15), om sjukepleiarane følgjer opp mest mogleg dei same pasientane, noko erfaring frå praksisstudiar seier. Pasientnær sjukepleie har likevel ei svakheit gjennom nyutdanna sjukepleiarar, som kan svekke pasientsikkerheit då grad av utdanning og kunnskap spiller ei rolle ved å oppdage medisinske feil (19).

Gruppesjukepleie vil derimot få utnytta meir av den totale sjukepleiegruppa si samla kunnskap og erfaring og dermed truleg gi styrka emne til å oppdage medisinske feil (15,19).

Kvaliteten på gruppesjukepleie avhenger av at gruppeleiaren har kunnskap og erfaring (7). Erfaring frå praksisstudiar er at den mest erfarne sjukepleiaren som oftast er gruppeleiar og dermed har ansvaret for vurderingar av omsorga til pasientane, noko som er ein styrke. Om gruppeleiaren derimot er uerfaren vil det kunne vere ei ulempe for kvalitet på sjukepleie. Det at gruppeleiaren uansett er ein sjukepleiar gjer at gruppesjukepleie kan opne for at hjelpepleiarar kan arbeide på sjukehus og bidra i ei gruppe med si kompetanse (8). Det kan samstundes vere ein svakheit då det å ha færre sjukepleiarar på arbeid og ei meir variert arbeidsgruppe, svekker pasientsikkerheita (12). Færre sjukepleiarar i arbeid kan i

kombinasjon med at gruppeleiaren får lite tid til pasienten på grunn av ansvar og oppgåver (15), føre til at det er færre med erfaring og kunnskap som vert kjend med pasientane. Henderson var kritisk til at avgjerder rundt omsorg skal tas av nokon som ikkje kjenner pasienten og meinte at det er ein-til-ein relasjon som gjer omsorga menneskeleg og ikkje mekanisk og teknisk (17). Dette kan gjelde gruppeleiaren, som er den som har ansvar for mange avgjerder, men som ikkje nødvendigvis jobbar nær pasienten. Det kan tenkast at det vil kunne gjere det vanskelegare å oppdage medisinske feil ved gruppesjukepleie, då sjukepleiarane si erfaring påverkar det (19) og gruppemedlemane som er nært pasientane kan ha lågare erfaring.

Ved gruppesjukepleie der gruppa arbeider effektivt og har eit godt samarbeid vil sjukepleieorganiseringa betre pasientsikeheita (16). Effektiviteten vil kunne verte svekka ved underbemanning (5), noko som gjer gruppa sårbar. Pasientnær sjukepleie har vist å auke effektivitet (9). Høg effektivitet trenger ikkje være det same som ei meir hensiktsmessig sjukepleieorganisering, då fokus på effektivitet kan trekke fokuset bort frå pasienten i følgje Henderson (17).

Forskinga viser ikkje tendensar som gir bakgrunn for ein konklusjon på kva som gir best pasientsikkerheit av gruppesjukepleie og pasientnær sjukepleie, og då ikkje kva som er å føretrekke.

Ulike erfaringar

For å sjå kva som er den mest hensiktsmessige forma for sjukepleieorganisering, er det relevant å sjå på kva resultata i undersøkinga seier om samanheng mellom sjukepleieorganisering og kor godt sjukepleiaren vert kjend med pasientane sine og kva form dei føretrekk. Resultata frå undersøkinga, kan i førsteomgang gi eit inntrykk av at pasientnær sjukepleie er klart å føretrekke. Det er tendensar til at sjukepleiarane vert betre kjend med pasientane sine ved pasientnær sjukepleie, både med tanke på sjukehistorie og det personlege (figur 1,2). Sjukepleiarane vert betre kjend med både klinisk og personleg informasjon, som gjer omsorg ved pasientnær sjukepleie meir individualisert, samt at det aukar pasientsikkerheita (18). Arbeidsmiljø påverkar òg pasientsikkerheita (3) og resultata viser tendensar til at sjukepleiarane er meir tilfreds med pasientnær sjukepleie enn gruppesjukepleie (figur 3).

Om ein derimot ser på kva dei som har pasientnær sjukepleie på avdelinga meiner, samanlikna med kva dei som har gruppesjukepleie meiner, ser ein ikkje dei same tendensane.

Sjukepleiarane opplever i omtrent lik grad å verte kjend med pasientane personleg og deira sjukehistorie ved sjukepleieorganiseringa dei har på si avdeling (figur 1,2) og dei som har gruppesjukepleie på avdelinga er faktisk noko meir tilfreds med eiga sjukepleieorganisering (figur 3). Fleire av dei som har pasientnær sjukepleie på avdelinga har erfaring frå gruppesjukepleie og resultatata viser at dei i mindre grad opplever å verte kjend med pasientane og er mindre tilfreds med sjukepleieorganiseringa ved gruppesjukepleie. Det er svara frå dei som byta frå gruppesjukepleie som gjer at resultatata samanlagt talar for pasientnær sjukepleie. Det gjer at ein ikkje kan konkludere med at pasientnær sjukepleie er betre enn gruppesjukepleie. Ut frå dette kan det derimot synest ut som om avdelingane har ei sjukepleieorganisering som er hensiktsmessig for seg og at avdelinga som byta, gjorde ei hensiktsmessig endring.

Effekt av byte

Bytet til pasientnær sjukepleie gjorde at sjukepleiarane vert betre kjend med pasientane og er meir tilfredse med sjukepleieorganiseringa. På den eine sida kan det tale for at pasientnær sjukepleie er å føretrekke, òg for avdelinga som har gruppesjukepleie. Det var få frå avdelinga med gruppesjukepleie som hadde erfaring frå pasientnær sjukepleie, så det kan tenkast at det kan fungere betre med pasientnær sjukepleie der òg. Svara deira kan være positive då dei ikkje kan samanlikne med pasientnær sjukepleie på bakgrunn av manglande erfaring. På ei anna side trenger det ikkje å spille noko rolle. Svara frå dei med gruppesjukepleie gav mykje liknande svar som dei med pasientnær sjukepleie om eiga sjukepleieorganisering. Det kan vere at bytet var riktig for den aktuelle avdelinga, då gruppesjukepleie fungerte mindre godt der. Gruppesjukepleie kan likevel fungere godt og vere det rette for ei anna avdeling. Ei sjukepleieorganisering som fungerer ein stad, er ikkje nødvendigvis best for alle avdelingar, då forskjellar gir ulike behov (7). Avdelingane som deltok i undersøkinga er alle kirurgiske, men det at dei med pasientnær sjukepleie hadde eit anna fagfelt enn den med gruppesjukepleie, kan vere med på å forklare at det er hensiktsmessig med ulike formar for sjukepleieorganisering.

Ut frå forskning frå avdelingar som har byta sjukepleieorganisering kan det synest ut som om det er bytet i seg sjølv som reduserer kliniske feil og pasientutfall. Det styrkar pasientsikkerheita. Det var nemleg byter til ulike formar for sjukepleieorganisering (10,13,14). På den eine sida kan det vere at ved eit byte, er den dåverande sjukepleieorganiseringa ikkje hensiktsmessig for aktuell avdeling og bytet gir dermed forbetring. På den andre sida kan det vere at endringa i seg sjølv er det som gir forbetring,

gjennom noko nytt og fokus på at det skal verte betre. Orvik (1) seier at ved systemforbetring vil det kulturelle perspektivet verte påverka. Tenkemåtar, verdiar og haldningar i møte pasientforløp kan endrast ved organisatoriske endringar. Det kan tenkast at byte av sjukepleieorganisering vil gje eit aukt fokus på pasientforløpet og endringar til det betre. Det kan motivere til å gjere ein innsats for betre pasientsikkerheit og trivsel.

Vurdere eigen sjukepleieorganisering

Når ei avdeling har byta sjukepleieorganisering, har dei gjort ei endring i håp om ei forbetring. Det å kontrollere og evaluere endringa, er eit ledd i kvalitetsforbetring som viser viktigheita av å vurdere bytet i etterkant (1). Ein kan ikkje berre anta at den nye sjukepleieorganiseringa fungerer betre, då sjukepleieorganiseringa kan påverke pasientsikkerheita (12). Det kan synast ut som at det å vurdere og tenke gjennom korleis noverande sjukepleieorganisering fungerer er viktig. Vurderingar bør gjerast på om sjukepleieorganiseringa passar til avdelinga og pasientgruppa, samt om det er noko som kan eller bør forbeistrast. Det er bra at avdelinga i undersøkinga som byta sjukepleieorganisering, i etterkant av bytet fekk vurdert at endringa gav forbetring.

Noko som viser seg å spele ei viktig rolle ved byte av sjukepleieorganisering, er det å forme og tilpasse den til aktuell avdeling (7). Det å la sjukepleiarane ha noko å seie på korleis den vert, er positivt for pasientutfall og for empowerment blant sjukepleiarane (10,11).

Sjukepleiarane som arbeider på avdelinga har viktige erfaringar om korleis noverande sjukepleieorganisering opplevast og har truleg tankar om kva som kan og bør endrast. Det er dei som arbeider nært pasientane og kjenner dei. Det kan tenkast at dei dermed har innspel til fordel for pasientane og deira sikkerheit.

Kritikk og vidare forskning

Ein kan ikkje sjå bort frå at resultata i undersøkinga kan vere påverka av andre forhold enn det er spurt om. Resultata viser at det er mange som svara i stor eller nokon grad på spørsmåla om kor godt ein kjenner pasienten ved eiga sjukepleieorganisering, òg at dei fleste er tilfreds med eiga sjukepleieorganisering. Dermed kan det vere at deira tilfredsheit har påverka andre svar i positiv favør. Andre forhold som er uavhengige av sjukepleieorganisering kan òg påverke svara. Dei forholda kan vere ulike på avdelingane. Det er òg andre faktorar enn sjukepleieorganiseringa som påverkar kor godt ein vert kjend med pasienten.

Å kjenne pasienten er hovudfokuset når det kjem til pasientsikkerheit i denne artikkelen. Det er berre eit av mange perspektiv som har tyding. Som i fleire andre studiar har ikkje

undersøkinga faktiske pasientutfall og statistikk på uønska hendingar (4). Om det er ein samanheng mellom det og sjukepleieorganisering, kan det tenkast at ein kan få ei tydlegare rettesnor for kva for ei sjukepleieorganisering som er å føretrekke. I tillegg til pasientsikkerheit vil andre faktorar, som jobbtilfredsheit og kostnadseffektivitet, vere noko ein må ta omsyn til ved val og utforming av sjukepleieorganisering. Det trengs meir forskning på området, særleg forskning som inkluderer pasientdata.

Konklusjon

Sjukepleieorganiseringa på ei avdeling kan verke inn på pasientsikkerheita. Eit viktig moment i pasientsikkerheita er det å kjenne pasienten, noko som ser ut til å kunne verte svekka ved dårleg fungerande sjukepleieorganisering på avdelinga. Både litteraturen og undersøkinga i denne artikkelen viser tendensar til at ein vert betre kjend med pasientane ved pasientnær sjukepleie. Verken litteraturen eller undersøkinga viser likevel eit konsistent bilete av kva form for sjukepleieorganisering som er mest hensiktsmessig av gruppesjukepleie og pasientnær sjukepleie, heller ikkje med tanke på pasientsikkerheit. Det kan sjå ut som at det er byte av sjukepleieorganisering i seg sjølv, som har positiv verknad på pasientsikkerheit og det å kjenne pasienten. Det tyder på at å vurdere sjukepleieorganiseringa og våge å gjere endringar når det er behov, er viktig for kvalitet.

Referanseliste:

1. Orvik A. Organisatorisk kompetanse: innføring i profesjonskunnskap og klinisk ledelse. 2. utg. Oslo: Cappelen Damm akademisk; 2015.
2. Unbeck M, Dalen N, Muren O, Lillkrona U, Härenstam KP. Healthcare processes must be improved to reduce the occurrence of orthopaedic adverse events: Healthcare processes improvement to reduce occurrence of orthopaedic events. *Scand J Caring Sci.* 2010;24(4):671–7.
3. Laschinger H, Leiter M. The Impact of Nursing Work Environments on Patient Safety Outcomes: The Mediating Role of Burnout Engagement. *J Nurs Adm.* 2006;36(5):259–67.
4. Jennings BM. Care Models. I: Hughes RG, red. *Patient Safety and Quality: An Evidence-Based Handbook for Nurses.* Rockville (MD): Agency for Healthcare Research and Quality (US); 2008.
5. Tiedeman ME, Lookinland S. Traditional Models of Care Delivery: What Have We Learned? *J Nurs Adm.* 2004;34(6):291–7.
6. Jost SG, Bonnell M, Chacko SJ, Parkinson DL. Integrated Primary Nursing: A Care Delivery Model for the 21st-Century Knowledge Worker. *Nurs Adm Q.* 2010;34(3):208–16.
